

EI NORSK DOKTORAVHANDLING OM MISJONEN

Erling Danbolt: Misjonstankens gjennombrudd i Norge I.

AV PROST, DR. THEOL. A. SKRONDAL

Sigrid Undset, Fredrik Paasche og andre har gjeve oss rikt høve til å konstatere vår store vannkunna om det Guds-livet som rørte seg i vårt folk i høg mellomalderen. Dei som stelte med vår riks-soga, har helst drege fram den politiske striden mellom kongsmakt og kyrkje, der intriger og intriganter fekk breitt rom.

Misjonsprest Erling Danbolt gjev oss i si doktoravhandling høve til å konstatere den same vannkunna når det gjeld Guds-livet i vår kyrkjesoga i nyare tid. Ikkje berre mellom lekfolk, men og mellom fleirtalet av prestar har vannkunna vore tjukk når talen var om det gudelege livet som har rørt seg i vår kyrkje føre H. N. Hauges dagar. Ja, eg har sjølv høyrst sagt frå talar- og preikestol at her ingen kristendom var i landet før folket vart vakt og omvendt ved Hauge.

Vannkunna har gjerne tradisjonløysa i sitt fylgje. Der vannkunna rår, fylgjer vanten på perspektiv og vyrndad for framfarne ætters liv og innsats av seg sjølv. Ein trur så gjerne at ein sjølv og eins eiga samtid er sentrum i soga. Ein saknar midlar til å slå fast sin eigen posisjon mellom dei skiftande kristen-ætter og vinn ikkje fram til klår erkjenning av eiga oppgåve. Ein saknar synet for det *relative* som alt menneskeleg er underlagt.

Denne vannkunna om farne tidars indre liv har ikkje minst vore stor når talen var om misjonen og misjonstanken. Dei fleste av oss har ein tokke av Hans Egedes Grønlandsmisjon og v. Westens Finnemisjon. Litt veit me kan henda om sisetetsforstander Niels Johannes Holm i Oslo, om biskop Peder Olivarius Bugge i Trondheim og strevet deira for å aktualisera misjonstanken i vidare krinsar. Men dette er og mest alt. Ikkje ein gong Hauges stoda til misjonen

har vore nemnande kjent for oss. Teologar som interesserte seg for gransking av slike emne, vart ikkje gjerne haldne for gode menighetsprestar og sumtid skuva tilsides. Dei lærde snart å halde seg berre til det oppbyggjelege for ikkje å skade sitt presterenommé. Verknaden var at filologar og historikarar med einsynt materielle, økonomiske og politiske interessor kasta seg over kyrkjelege personar og emne og skildra menn og tilburdar ut frå sitt materialistiske grunnsyn. Dei negative sidor av kyrkjelivet fekk då gjerne flaumljos over seg. Dei positive sidor, sett frå kristen synsstad, kjærde slike granskarar seg lite om, ja, såg helst kristendomen som ein hemsko for folkets utvikling og frigjerung.

No har misjonsprest Danbolt teke seg på å rydja opp i ei lita rå av det store kyrkjelege myrkloftet vårt. Arbeidet verkar som solrenning over eit ukjent, skoddetekt landskap. Utsyn opnar seg, toppar stig fram, bekkjer glitrar og samlar seg gjennom mange omvegar slik at «Misjons-Noreg» stig fram. Forfattaren presenterar oss for ukjente varmhuga kristne menn, som ofra embete, helse og leveår for å vinne heidne folk for Kristus.

Forfattaren opnar arbeidet sitt med eit utsyn over arven frå gamal tid. Arven har vore vel gøymd. Likevel er den større «enn mange vil tru». Korkje misjonstanken eller misjonsarbeidet er frå igår. Alt Nidarosbispnen Erik Bredahl vart under sitt ufriviljuge eksil i Nord-Noreg kring 1658 grepen sterkt av den store kristne vannkunna hos finnefolket og prøvde å råda bot på dette. Biskop Peder Krog heldt fram i same faret. Så etterviser forfattaren korleis misjonstanken slog igjenom hos Hans Egede i Vågan. Han dreg så lina vidare gjennom v. Westen, streifar Missions Collegiet, Syv Stiernen og innslaget frå den aller første herrnhutarmisjonen og endar bolken med ei utgreiding om det rom misjonstanken hadde vunne i liturgien og salmebøkene i det 18. hundraåret. Venteleg vil det vera heilt ukjent for mange at prestane har vore dei fremste berarar av misjonstanken i det 18. hundraåret. Dette er like vel eit faktum. Folket sjølv åtte enno ikkje — stort sett — korkje den kristelege mogning eller det økonomiske grunnlag som krevst for å hysa slike høgare, immaterielle interessor som misjonen er.

Etter slik å ha greidd ut korleis misjonstanken røtte seg i norske prestehugar, skildrar andre bolken av arbeidet den nye misjonstid

som dei store utanlandske misjonsvekkjingar skapte ved hundraårskiftet med bibel- og misjonslag i sitt fylgje. «Misjonsbevægelsen» tenderar mot masserørsle og gjev i stigande mon rom for lekfolket. Bolken endar med å streife den politiske og religiøse nyorientering i Noreg og etterviser det romet tanken hadde vunne hos Hauge og venene hans.

Etter å ha ettervist korleis misjonstanken i engelsk og kontinentalt religiøst liv speglar seg av i vårt eige land, m. a. i skipinga av Det norske Bibelselskap, påviser forfattaren korleis «bevægelse» og «impulser» tek fastare form og vert til misjonsaktivitet, slik som me møter den hos Niels Johannes Holm i Oslo, Peder Olivarius Bugge i Trondheim, hos herrnhutarar og haugevenner og korleis denne første aktivitet er knytt til Baselermisjonen.

Femte og siste bolken når så fram til «den landsomfattende misjonsappell», med skildring av Cappelens misjonsreise, v. Bülow's tilknytting til misjonsvener i Stavanger, Holm og misjonsbladet hans, det nærare samkvem med Baselermisjonen og endeleg omslaget andsynes misjonstanken i norsk presse. Dette er eit stutt og mykje ufullkome resumé av innhaldet i det mektige verket.

Noko av det første ein undrar seg over er at misjonstanken og -arbeidet i det 18. hundraåret i så sterk grad er inspirert utanfrå. For dette gjev forfattaren ugjendrivelege prov gjennom ei analyse av Hans Egede. Ut frå skriftene åt Egede etterviser han påverknaden både frå pietismen gjennom Phillip Jacob Spener, men og frå dei meir ortodoksfarga teologar Christian Scriver, Heinrich Müller og Christian Gerber. Berre eit lite forvitneleg drag: Müllers postille har på titelbladet bilæte av Frelsaren med misjonsbodet under: Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for all skapningen. Denne postillen nytta Egede som husandaksbok. Ikkje mindre forvitneleg er det å møte Gerbers «Unerkannte Sünden» av 1719 med sin sterke, ja mest einsynte misjonsappell i norske prestebibliotek. (Denne boka har eg nett funne i eit *ikkje*geistleg skifte frå Orkdal i 1737). I dette verket har Gerber ein bolk «Von Unser Nachlässigkeit und Schlaffsucht in Ausbreitung und Beförderung des Reiches Christi und seine Ehre». Her viser Gerber til den store misjonsihugen hos papistane, medan hans eiga kyrkje mest inkje gjer for å vinna sjeler for Kristus. Forfattaren etterviser korleis misjonsappellen i desse

og andre skrifter har drege etter seg, først og framst hos Egede, korleis han hentar argument og motiveringar for sitt eige arbeid frå desse skriftene. Men det er vel liten grunn til å tru at slike insiterande autores var kjent berre for den avsidesbuande Våganpresten? Kor kjent og utbreidd misjonstanken var mellom ein stor lut av presteskapet i det 18. hundraåret dokumenterar elles forfattaren ved ei mengd med boklistor frå dei gamle prestebibliotek. Mange norske prestar hadde fylgd med og fylgd godt med i det som ovra seg i utanlandske misjonskrinsar. Egede har berre reagert meir vakje og varnæmt enn dei hine embetsbrørne.

Med Missions Collegiet, Grønlands- og Finnemisjonen var misjonsinitiativet flutt frå utlandet og hadde fått heimvisst i sentrum av det dansk-norske riket. Med rette legg forfattaren stor vikt på den misjonsvekkjande verknad som utigjenom det 18. hundraåret gjekk ut frå dei rapportar og relasjonar som vart publisert om og frå desse tiltak. Jamsides Bibelen var desse relasjonar kjent og kjær lesnad i mange heimmar.

Ei stor glede er det å merka at forfattaren gjev *Brødrene av det felles liv* det rom dei har krav på. For brødrene var misjonen ei menighetssak. Dei var gjenomglødde av kjærleik til misjonen. Sambandet med heimland og misjonsmark var alltid sers sterk. Alle stader der dei fekk feste, dreiv dei ein målmedveten propaganda for misjonen.

Eit nytt og lite påansa drag er det etter måten store rom misjonstanken har fått i liturgi og salmebøker i det 18. hundraåret. Alt Kirkeordinansen påbaud bønner for «Evangeliets frie Løb». Rituallet av 1685 og Christian V. lov heldt fram i same faret. I 1715 ferda kongen ut påbod om offentleg bøn for «Finnlappers omvendelse».

Elles opplyser forfattaren at der dette året vart halde misjons-gudstjenestor i alle norske kyrkjer. Mange sundagstekster gav misjonstanken eit framskote rom. Endå meir underleg er det at det same gjeld salmebøkene. Kingos av 1699 har soleis fleire misjons-salmer. Guldbergs likeeins. Men reint i undring kjem ein ved å høyra at den utskrekne Evangelisk Christelige Psalmebog har funne rom for ei så frisk og kjernefyllt misjonssalme som denne:

*Ud over jorden og ind til dens yderste Ende
vil Han sit Budskab om Nåde udsende.*

Føle skal hver

Jesus en Frelser os er.

Ham skal al Jorden bekjende.

Prestane ikkje minst i andre halvdel av 18. hundraåret har gjerne stått for vår tid som jordbrukets, hagebrukets og skulens pionerar. Slike fanns heilt vist. Her viser Danbolts arbeid den store faren ved generalisering og det så grundig at ein etter mitt skyn må gå til ein revisjon av det gamle syn. Danbolt viser at der og i dette halve hundraåret fans ei mengd prestar med så sterke, høge og usjølviske hugmål, at dei kan stå som mynster for seinare tider. I siste hundraåret før skilsmålet med Danmark hadde ikkje mindre enn 23 norske prestar gjort teneste ved misjonsstasjonar. Dei sat seinare som embetsprestar spreidd vide over land. Underleg skulde det vera om alle desse ihuga misjonsvener som eldre prestar skulde ha vore heilt stumme om sin ungdomskjærleik til misjonen.

Like interessant som saga om mennene er utgreidingane om korleis misjonsmotiva har ymsa til dei ulike tider. Vi møter den reinte universelle motivering frå Israels profetar: Gud er Herren over all verda — side om side med draumen frå opplysningstida om misjonæren som ein ambassadør for vitenskapen.

Metodane har og ymsa sterk: frå den varsame og smålåtne Egede til den meir robuste og mest brutale v. Westen. Men i det store og heile må ein undra seg over kor reinte evangelisk misjonstanken like vel har vore fata av dei aller fleste. Alle kjente seg som tenarar for den same Herre, alle arbeidde for det same mål: å frelsa sjeler for Kristus.

Forfattaren finn rom til eit mykje interessant utsyn over Hauges tilhøve til misjonen. Fram til 1804 synest både tanken og arbeidet ha vore mest ukjent for Hauge. Men ved den tid må interessen hans ha vorte vekt. Han tok til å setja seg inn i arbeidet. Då så misjonsappellen for ålvor nådde landet vårt kring 1820, vart både Hauge og venene hans med av heil hug.

Misjonstanken har stort sett havt same lagnad som andre store og gode tankar: Dimeir den vart kjend, dimeir vart den kjær. Av

dei 382 personar som kring 1820 samla midlar til Baselermisjonen, var ikkje mindre enn 66 prester eller teologar. Omlag ein femtepart av teologane i landet var såleis med. Dette styrkjer det krav som før er nemnd: at synet på prestar og kyrkje i denne bolken må undergjevast grundig revisjon.

Av andre drag ein merker seg i misjonssoga åt det 18. hundraåret er at misjonen — som andre verksemder — vart driven som *statstiltak*. Ingen måtte drive kristeleg arbeid i «Kongens Riger og Lande» utan kongeleg vokasjon. Slik vokasjon fekk både Egede og v. Westen. Brødrelyden var eit singulert undantak. Elles var det ikkje berre i det dansk-norske riket at misjonen var statssak. Det same gjeld den engelske misjonen i Amerika og den hollandske i Ostindia. Først fridomsdeane frå den franske revolusjon og vekkjinga til Wesley og Whitefield var istand til å sprengja statsdirigeringa, samstundes med at statens eiga interesse smått om senn fjøra ut. Den nye stemneleid både i det politiske og religiøse kring hundraårsskiftet kravde rom for individet og dermed for private tiltak. Just ved denne tid gror i England opp det eine store private misjonstiltaket etter det andre jamnsides kyrkja. Alt dette har sjølv-sagt forfattaren med.

Men her lyt eg koma med mine innvendingar mot det lærde verket. Det er fortenstfullt at han tek opp misjonstanken heilt frå omlag 1700 og brukar 100 av dei 265 sidor til denne utgreidinga. Men då er det ikkje heilt korrekt å setja som undertitel: «Misjonsappellens tid 1800—1830.» Den vektige og innhaldsrike bolken frå omlag 1714—1800 kjem såleis vekk i titelen.

S. 96 let forfattaren det skina igjennom at opplysningsoptimismen fekk mykje å seia for misjonsaktiviteten. I samband med Hauge stig denne tanken serleg fram: det var først etter at Hauge vart kjent med tida sine rasjonalistiskrifter at han vann meir syn for misjonstanken. Dette interessante punktet burde forfattaren ha gjeve ei grundigare og meir prinsipiell utgreiding.

Når forfattaren trass utelatinga i boktitelen, har gjeve bolken 1714—1800 så breitt rom — og etter mitt syn med rette — burde han ha innsett det historisk uforsvarlege i å gjeva dei *offisielle misjonstiltak* i denne bolken så avgrensa eit rom som han gjer. Rett nok minner forfattaren s. 296 om at postverket etter kongeleg på-

bod måtte ofra store summar på dansk ostindiamisjon. Likeins nemner han at der i 1715 vart halde offentlege misjonsgudstenstor etter påbod frå riksmaktene. Endeleg nemner han påbod om offentlege bønner for misjonen. Så dominerande ei stode riksmaktene hadde i denne bolken, jamvel i misjonstiltaka, burde dette emnet vore mykje grundigare utgreidd. Tilfang vilde forfattaren funne i stor mengd. At initiativet i denne saka frå ein eineveldig stat har vore heilt utan verknad, er det liten grunn til å tru.

Ei siste innvending er at forfattaren delvis og ikkje så sjeldan tyngjer framstillinga si med altfor lange og omstendelege sitat. Sjølv sagt er det her ei skynssak kor langt ein skal gå. Men når ein har sitera nok til å prova sine påstand, skulde kravet til historisk provføring vera oppfylt. Some stader kunde ei bisetning, eller berre nokre få adjektiv, ha prova like mykje som lange sitat. Korleis forfattaren har vald sine sitat er i stor mun avhengig av filosofisk syn og kristen livsinnstilling, og kan ikkje her gjerast til nærare etterrøking.

Men forfattaren er velsigna fri for merkbare intensjonar og tendensar. Han påstår ikkje, prøver ikkje å tvinga inn på lesaren noko personleg synspunkt. Han legg fram dokument og fakta og let så lesaren sjølv dra sine slutningar. Dokumentering og provføring er på sine stader så viktig at verket snautt vil verta nokor folkebok. Og det er ille. Just eit slikt verk skulde vore lese i alle misjonskrinsar. Ikkje mindre enn 158 av dei 433 sidor er kjelde- og litteraturtilvisningar, lister over misjonslitteratur, over prestar i misjonstenesta og over bidragsytarar til utanlandske misjonslag. Berre denne noggranne registrering av litteratur og personar knytt til misjonen, gjer Danbolts arbeid til eit verk av slik rang og verde at ingen som vil granske norsk misjonsliv i eldre tid, kjem framom det. Både misjonen og kyrkje er Danbolt stor takk skuldig for den tid og kraft han har ofra på å kaste ljøs over eit emne som til no har lege i skuggen av den historiske gransking. Til prestar og misjonsleidarar er det beint fram eit krav, at dei tek seg tid til å setja seg inn i dette veldige tilfanget og opnar synet for den misjonshistoriske lina, som dr. Danbolt her med stor sakkunde og så fast hand har drege opp. Helst burde boka straks koma med i pensum for dei teologiske fakultet og bibelskulane.